



Blomstermåleri og nysydde kjolar inspirert av 60-70-talet. Med kvar sitt uttrykk gir Marita Bett Jensen og Cathrine Yksnøy gir rom for nostalgi.

Moderne nostalgi

Inspirasjon av mønster og mote frå 60-og 70-talet, og bestemors hage. Det blir det fargerike kjolar og blomstermåleri av. Frå laurdag av fyller to kreative damer Galleri Bjørk i Ørsta.

UTSTILLING. – Vi har jobba fram mot denne utstillinga kvar for oss. Måleria og kjolane er ikkje laga for å passe til kvar andre, men det er artig å sjå kor godt dei harmonerer saman likevel. Vi begge har ein link tilbake i tid, Marita B. Jensen ser mot veggene i lokalet ho tok i bruk som atelier og galleri i februar. Der dannar måleria hennar ramma rundt Cathrine Yksnøy sin utstillingsdebut som kjoledesignar.

– Tema i måleria er bestemors hage. Vanlegvis målar eg meir figurativt, men denne gongen har eg jobba ekspressivt, slått meg laus med fargar og form, og gitt rom for det impulsive, fortel Marita Bett Jensen om dei visuelle minna om hagen til bestemor si på Bjørke.

Retro. Slått seg laus med fargar og spreke mønster har Cathrine Yksnøy og gjort. Med nyinnkjøpt metervare kombinert med stoff av klesplagg frå 60-70-talet de-

signar og syr ho kjolar og vesker i friske fargar, og spenstig kombinasjon av nostalgi og moderne uttrykk.

– Eg er veldig glad i fargar, og har stor sans for dei enkle og tydelege uttrykka som vart brukt i gardin- og kjolestoffa på 60-og 70-talet. Då gjekk damene i spreke kjolar som lyste litt opp. Etter ei periode med pastell er heldigvis fargane tilbake, seier designa-



Fargemuntre vesker og kjolar sydde av Cathrine Yksnøy.

ren som og syr kjolane i same ledig og funksjonelle snittet som damene gjekk i den gongen.

Gjenbruk. Cathrine Yksnøy, som er utdanna og har jobba som blomsterdekoratør i Ørsta og Volda, har sydd sidan ho var 8–9 år gamal.

– Eg klipt opp gamle klede, sett saman ulike stoff og sydd nye plagg til meg sjølv og andre ved sida av familie og jobb. For ei tid tilbake lysta til å sy meir veldig tilbake. Det starta med at eg ikkje fann kjolar eg ville ha i butikane, og etter kvart var det fleire og fleire som spurde meg kvar eg hadde fått tak i dei. Dermed sette eg i gang for fullt. Medan eg syr dukkar det stadig opp nye idear til fleire kjolar. Det startar gjerne med ein liten stoffbit frå ei gamal gardin som eg ser vil passe perfekt som pyntedetalj eller som ein større del av kjolen, fortel Cathrine Yksnøy. Stoffa ho syr kjolane og veskene av finn ho i brukbutikker, stof-futsal og blant avlagde klesplagg i skap og på loft hos slekt og vener.

– Det er kjempekjekt når folk ringer meg og fortel at dei har rydda og lurar på om eg vil ha «bosset» deira. Klart eg vil. Det er kjempegøy å lage nye plagg av det andre vil kaste, seier kjoledesignaren som



Av nye og gamle stoff sommarlege fargar syr Cathrine Yksnøy særeigne kjolar.

har gjort det til vane og gir tittel til kvar kjole ho syr. Det gjer at i utstillingslokalet er mellom anna tittelen «Sommareng» å sjå på

«Eg er veldig glad i fargar»

CATHRINE YKSNØY

ein pinkrosa kjole pynta opp med store, orange 70-talsblomster. «Frk 60 på safari» er namnet ho har gitt kjolen i turkis- og havblått stoff med motivet av ein elefant til pynt.

– Eg legg vekt på gi kjolane eit namn som gir assosiasjonar om kva eg har tenkt når eg har sydd den. Det gjer eg fordi det er berre

den eine kjolen som ser akkurat slik ut, fortel ho.

På nettsida si går Cathrine Yksnøy eit steg vidare. Der skriv ho ein liten tekst til kvar kjole som fortel om sjølv tanken bak, og prosessen fram til den ferdige kjolen.

– I midten av juni starta eg mitt eige firma, og no skal eg har mi første utstilling. Det har vore ein pangstart, seier kjoledesignaren.